



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Sissel Hol, 71 25 84 49

Invitasjon til innspel om skjønnsmidlar for 2020

Fylkesmannen ønskjer å invitere kommunane til å kome med innspel til skjønnstildelinga for 2020. Det nye for skjønnsmidlane for 2020 er at ordinære skjønnsmidlar og prosjektskjønn har same søknadsfrist, som er den 1. juni, samt at alt er samla i eitt brev.

Fylkesmannen tildeler kvart år skjønnsmidlar til kommunane og har ansvaret for å kome fram til ei god og rettferdig tildeling av skjønnsmidlane mellom kommunane i fylket. Innspel frå kommunane er viktig for å oppnå ei så rettferdig tildeling som råd.

Retningslinjer for skjønnstildelinga og skjønnssramma som skal tildelast i 2020 kjem ikkje før i august. Som tidlegare nemnt, så har skjønnssramma for Møre og Romsdal blitt gradvis redusert dei siste åra. For 2019 var skjønnssramma på 64,7 millionar kroner, men det er godt mogleg at ramma kan bli ytterlegare redusert for 2020. Vi har som mål å tildele så mykje som mogleg av ramma til statsbudsjettet, slik at skjønnsmidlane til kommunane er kjent før det nye året startar. For at vi skal vere klar med tildelinga til statsbudsjettet blir lagt fram den 7. oktober, må prosessen starte allereie no.

Vi ber om innspel frå kommunane seinast den 1. juni i år.

Tildeling av skjønnsmidlar

Vi ønskjer innspel på vesentlege utgifter som kommunen ikkje kan påverke sjølv, og som ikkje blir kompensert i stor nok grad gjennom andre tilskot. Innspela frå kommunane vil bli sett opp mot til dømes inntektssystemet og andre tilskotsordningar, og i høve til gjennomsnittlege utgifter knytt til innspellet for kommunane i fylket i den grad det lar seg gjere.

Vi vil uansett vurdere følgande kriteria i tråd med praksis frå tidlegare år:



Språkdeling

Kommunar som må opprette egne klassar som følgje av pålagt språkdeling, vil få kompensasjon. Vi nyttar tal frå GSI og har såleis ikkje behov for ytterlegare innspel om kommunen ikkje finn det naudsynt.

Barnevern

Vi nyttar allereie innsamla statistikk frå kommunane og kompenserer dei kommunane som har relativt mange barn under omsorg i høve til gjennomsnittet for fylket. Kommunane med mange barn under omsorg vil bli ivareteken gjennom eksisterande rapportering. Om kommunen har synspunkt utover dette kan det spelast inn.

Skyss av helsepersonell

Kommunar som har store utgifter knytt til transport av helsepersonell (til dømes med ambulansebåt) får kompensert ein del av dei ekstra utgiftene. Vi ber dei aktuelle kommunane sende inn dokumentasjon for slike utgifter. Vi gjer merksam på at det berre er dei som sender inn dokumentasjon som vil bli delvis kompensert.

Kompensasjon for endringar i differensiert arbeidsgivaravgift (DAA)

Kommunar som fekk auka arbeidsgivaravgifta, har tidlegare fått kompensasjon for dette. Vi har signalisert, ved framlegget av statsbudsjettet i 2014, at denne ville bli trappa ned fram mot 2020. Siste året for tildeling vil vere for 2020.

Ressurskrevjande tenestemottakarar

Kommunar som har høgare utgifter enn gjennomsnittet i fylket vil få kompensasjon. Vi nyttar rapporterte tal til Helsedirektorat i toppfinansieringsordninga.

Spesielle saker

Kommunane kan spele inn vesentlege utgifter som kommunen sjølv ikkje kan påverke. Desse kan vere av midlertidig karakter. Døme på saker vi har kompensert i tidlegare år er flaum, steinskred og fleire liknande saker.

- ***Innspel om skjønnsmidlar kan sendast til fmmrpostmottak@fylkesmannen.no***
- ***Merk sendinga 2019/604.***
- ***Søknadsfrist 1. juni***

Prosjektskjønn

Kommunal- og moderniseringsdepartementet opnar for at Fylkesmannen kan gi ein del av skjønnsramma som støtte til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane. Føremålet med prosjektmidlane er å gi kommunane støtte i å prøve ut nye løysningar på utfordringane sine. Midlane skal fungere som risikoavlastning for kommunen til å kunne arbeide med fornying og innovasjon. Prosjekta sine føremål må vere å styrke kommunen i rolla som tenesteproducent, myndeorgan, lokaldemokratisk arena eller som samfunnsutviklar.



Fornyng og innovasjon i kommunesektoren

Storsamfunnet er tent med ein effektiv og kvalitativt god offentleg sektor. For kommunane vil det vere å skape attraktive, trygge og berekraftige lokalsamfunn der innbyggjarane har gode vilkår gjennom alle fasane i livet. Innovasjon og fornyng i kommunane vil alltid vere viktig i eit slikt perspektiv.

Satsingar for 2020 er:

Kommunestruktur

Stortinget har stadfesta at det framleis er behov for endringar av kommunestrukturen. Kommunane blir stadig utfordra på sine styrker og svakheiter i høve til tenestekvalitet og fagressursar. Fleire av kommunane i fylket vårt har utfordringar med å ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å levere gode og likeverdige tenester. Heilskapleg samfunnsutvikling, berekraft og strategisk planlegging er nokre av områda kommunane er og blir utfordra på. For å løyse framtidens utfordringar knytt til gode og likeverdige tenester og aktiv samfunnsutvikling er det fleire av kommunane i fylket som difor må planlegge for strukturendringar. Nye samarbeid med formål om å bygge nye og sterkare strukturar og kommunar vil bli prioritert.

Digitalisering

Digitalisering handlar om å ta i bruk teknologi til å fornye, forenkle og forbetre. Det offentlege skal tilby nye og betre tenester, som er enkle å bruke, effektive og pålitelege. Digitalisering av arbeidsprosessar og tenester (digitalt førstevalg) er eit sentralt verkemiddel i dette arbeidet, saman med blant anna prosessforbetring og anna bruk av teknologi. Digitalisering legg til rette for auka verdiskaping og innovasjon, og kan bidra til å auke produktiviteten i offentleg sektor.

Barn og unge

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har frå 2013 hatt fokus på barn og unge gjennom ei tverrfagleg satsing. Satsinga er kalla «Betre oppvekst» og vår visjon for arbeidet er «betre oppvekst for alle barn og unge i Møre og Romsdal». Satsingane "Bustad for velferd" med fokus på barn i låginntektsfamiliar og «Tidleg og koordinert innsats» er viktige områder innafor "Betre oppvekst" å utvikle vidare.

Samfunnsikkerheit og beredskap

Fylkesmannen skal samordne og legge til rette for gode arenaer for samarbeid om samfunnssikkerhiet i fylket. Dette blir gjort gjennom samarbeid om tiltak for å forebygge, styrke beredskapen og krisehåndteringsevna. Dersom det er gode søknader innafor samfunnsikkerheit og beredskap, så vil det også vere mogleg å søkje projektskjønnsmidlar til dette.

Søknadsprosedyre for projektskjønn



Søknadar skal sendes gjennom den «Integrerte søknads- og rapporteringsdatabasen» (ISORD). For å ta i bruk søknadsportalen må det opprettast brukarkonto for kvar søkarkommune.

For å logge på ISORD gå til denne sida: <https://prosjektskjønn.fylkesmannen.no/>

For meir informasjon gå inn på :

<https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kommunal-styring/Kommunal-fornyning/>

- **Søknadsfrist for prosjektskjønn er 1. juni**

Vi gjer samstundes merksam på at disse søknadskriteriene fortsett gjeld:

- Det er berre kommunar som kan søke om midlar og stå som ansvarlege for prosjekta.
- Søknaden må kvalitetssikrast og ha godkjenning av rådmann.
- Fylkesmannen oppmodar om at kommunane samarbeider om prosjekt.
- Søknader på prosjekt med ein total kostnad på 500 000 kroner vert ikkje innvilga.
- For å sikre kommunal prioritering, er det eit krav om minst 50 prosent kommunal eigenfinansiering av prosjekta.
- Søknadar som inneheld element av ordinær drift vil ikkje bli prioritert.

Spørsmål knytt til skjønnsstilinga og innspela frå kommunane kan rettast til:

Sissel Hol	71 25 84 49	fmrsiho@fylkesmannen.no
Espen Julnes Lia	71 25 85 08	fmresli@fylkesmannen.no

Med helsing

Vigdis Rotlid Vestad (e.f.)
Stabsleiar

Sissel Hol
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

**Mottakere:**

Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Sunnal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Sande kommune	Rådhuset	6084	LARSNES
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY
Tingvoll kommune	Midtvågvegen 2	6630	TINGVOLL
Rindal kommune	Rindalsvegen 17	6657	RINDAL
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Halsa kommune	Rådhuset, Glåmsmyrvegen 23	6683	VÅGLAND
Giske kommune	Rådhuset, Valderhaug 4	6050	VALDERØY
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Stordal kommune	Kommunehuset	6250	STORDAL
Skodje kommune	Rådhuset, Niusvegen 1	6260	SKODJE
Norddal kommune	Postboks 144	6211	VALLDAL
Nesset kommune	Kråkholmvegen 2	6460	EIDSVÅG I ROMSDAL
Ulstein kommune	Pb. 143	6067	ULSTEINVIK
Midsund kommune	Kommunehuset, Utsidevegen 131	6475	MIDSUND
Fræna kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Eide kommune	Rådhuset	6490	EIDE
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
Ørskog kommune	Rådhuset	6240	ØRSKOG
Vestnes kommune	Rådhuset	6390	VESTNES
Vanylven kommune	Rådhuset	6143	FISKÅBYGD
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Haram kommune	Storgata 19	6270	BRATTVÅG
Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Sykkylven kommune	Rådhuset, Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Sandøy kommune	Steinshamnvegen 112	6487	HARØY
Gjemnes kommune	Rådhuset, Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG